

Fedje Kommune

Vedlegg F1

V/ Merethe Svarstad

Fedje den 23.05.2023

Søknad om løyve til oppgradering av avlaupsanlegg.

Vedlagt ligg søknad etter plan- & bygningslova om oppgradering av avlaupsanlegg for Skotholmevegen 52 på Fedje. Tiltaket vil gå for seg på Gnr/Bnr 170/77 og 170/62. Tiltakshavar har heimel til begge eigedomane.

Bustaden har hatt septiktank i betong frå den tid det var innlagt vatn (om lag 1960). Avløpsleidningen har gått frå septiktanken og ut i sjø.

Eigar av bustaden ynskjer å utføre ei oppgradering på avløpsanlegget og vil erstatte den gamle septiktanken med eit Biovac minireinseanlegg. Anlegget er godkjent for ein bustad og har ein kapasitet på 5 pe (personeiningar). Teikning og beskriving av anlegget ligg ved søknaden.

Fedje kommune har gjeve løyve til å nytte eksisterande avløpsleidning ut i sjø slik den ligg i dag. Utsleppsløyve er dermed oppdatert.

Det er underskriven serviceavtale med Biovac for å sikre at anlegget vert halde ved like.

Nabovarsel er gjeve til eigar av 170/1 – Oddleif Stokholm. Han har ingen merknadar til tiltaket.

Vedlegg:

- C1-2 Opplysningar gitt i nabovarsel / Kvittering for mottatt nabovarsel
- D1 Situasjonsplan
- E1 Produktinformasjon
- F1 Følgjebrev / Skildring (dette dokument)
- G1-2 Gjennomføringsplan / Erklæring om ansvarsrett
- I 1 Stadfesting av utsleppsløyve
- Q1 Serviceavtale med Biovac

Ta kontakt om noko er uklårt.

Med venleg helsing



Kjell Arve Samnøy